



Valdansvarlege

Vår ref.
26/470-13

Dykkar ref. **Sakshandsamar**
Knut Fredrik Øi

Direktenr

Arkiv
K2-K40

Dato:
14.06.2026

Delegert administrativt
Formannskapet

Tildeling av fellingsløyve for hjort, elg og rådyr - Årdal 2026

Kort samandrag:

Bestandsplan for hjort, elg og rådyr i perioden 2025-27 vart godkjend av Årdal kommune i 2025. Denne ligg til grunn for løyvetildelinga i planperioden. Det vert delt ut 298 fellingsløyve for hjort, 12 fellingsløyve for elg og 30 fellingsløyve for rådyr i 2026.

Vedtak:

Med heimel i Forskrift om forvaltning av hjortevilt §18 tildeler Årdal kommune følgjande fellingsløyve i 2026:

- 298 fellingsløyve på hjort
- 12 fellingsløyve på elg
- 30 fellingsløyve på rådyr

Med heimel i Forskrift om forvaltning av hjortevilt §16 tillèt Årdal kommune at alle valda som er medlem i Årdal bestandsplanområde kan nytta alle tildelte fellingsløyve for hjort i planperioden, uavhengig av år.

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.

Forskrift om forvaltning av hjortevilt

Saksutgreiing/vurdering

Omsyn til smitteførebygging for skrantesjuka er framleis premissleverandør for forvaltninga av hjort og elg i Nordfjella-regionen. Høgt uttak, omfattande prøvetaking og låge bestandar er ønskja av sentrale styresmakter for å avgrensa, og om mogleg, utrydda skrantesjuka frå Noreg. Oppdaterte signal om dette er sendt til kommunane kring Nordfjella og Hardangervidda frå Landbruksdirektoratet, Miljødirektoratet og Mattilsynet våren 2026. Jakttida er på hjort og elg er utvida for å leggja til rette for høgt uttak.

I all hovudsak ligg vurderingane for løyvetildeling i bestandsplanperioden 2025-27 i saka om godkjenning av bestandsplanen frå 5. juni 2025.



I åra med fokus på smitteførebygging for skrantesyjuke har valda i bestandplanområdet hatt moglegheit til å nytta alle fellingsløyva for hjort uavhengig av år i planperioden. Det er også uavgrensa moglegheit til å flytta fellingsløyva på hjort mellom valda som er med i samarbeidet. I Årdal gjeld dette alle driftsplanområda utanom Utladalen, som kunn kan flytta løyva mellom vald internt i driftsplanområdet. Det vert lagt til grunn vidareføring av dette også denne planperioden.

Vedlagt ligger oversikt over tildelingane av hjort, elg og rådyr til valda i Årdal. Det er også vedlagt ein oversikt over dei «ubrukte» løyve for hjort frå sesongen 2025/26, slik at det kjem tydeleg fram kor mange fellingsløyve dei ulike valda har tilgjengeleg sesongen 2026/27. I sesongen 2025/26 var det totalt 138 løyve som ikkje vart nytta. Desse er tilgjengelege i sesongen 2026/27 i tillegg til årets fellingsløyve for hjort. Det er også høve til å nytta løyve frå siste året i planperioden, om det skulle vera naudsynt.

Det har vore nokre valdendringar i Årdal sidan bestandsplanen vart godkjend i juni 2025. Tildelingane til desse valda tek utgangspunkt i dei arealkrava som er omtalt i bestandsplanen.

Kommunedirektøren tilrår følgjande løyvetildeling i 2026:

- 298 fellingsløyve på hjort
- 12 fellingsløyve på elg
- 30 fellingsløyve på rådyr

Etter gjeldande delegasjonsreglement og avtale om felles landbrukskontor, vurderer kommunedirektøren at saka kan handsamast administrativt. Det er gjeve mynde til kommunedirektøren å handsama kurante saker i avtale om felles landbrukskontor.

Klagerett:

Vedtaket kan etter forvaltningslova §28 påklagast. Klagefrist er 3 veker frå De er kjent med vedtaket. Eventuell klage sendast til:

Årdal kommune
Statsråd Evensensveg 4
6885 Årdalstangen

Eller på e-post til postmottak@ardal.kommune.no

Med helsing

Knut Fredrik Øi
Sakshandsamar Felles Landsbrukskontor ÅLA

Vedlegg:

Informasjon om hjort-, elg- og rådyrjakta i Årdal 2026
Løyvetildeling Årdal 2026 - elg



Vedlegg:

Løyvetildeling Årdal 2026 - hjort inkl rest frå 2025

Løyvetildeling Årdal 2026 - hjort

Løyvetildeling Årdal 2026 - rådyr